

Årsmelding fra styret 2015-2016

Styret har vore:

Bente Åmbakk	- leiar
Marita Borgen	- nestleiar
Einar Åmbakk	- sportsleg ansvarleg
Stig Endre Moe	- bilagsansvarleg
Geir Ove Molvær	- oppmann
Reidunn Tvergrov Øye	- presseansvarleg

Styret har hatt 7 styremøte i løpet av perioda.

Sportsleg:

Sjå eiga årsmelding frå oppmann.

Arrangement:

Gruppa har arrangert:

- * Treningssamlingar på Juvass, Kvittfjell, Bjorli, Hintertuxog Folgefonna.
- * Barmarkstrening på Vikemarka skule og utetrening med Guro O. Kvammen.
- * Skitreningar på Bondalseidet og i Hornindal. Har også hatt oppstart av Skileik.
- * Dugndar på Bondalseidet
- * Barmarksamling i samarbeid med Volda og Åmdal i Volda/Ørsta

Alpine renn:

- * Bjønnamesterskapet søndag 21.februar
- * Storslalomrenn på Hornindal skisenter laurdag 20.februar.

* Opel - og Izusu cup 4 stk. 3 stk på Bondalseidet og den siste Opelcupen med premieutdeling vart arrangert som ei barmarkstreing på friidrettsbana. Der hadde vi lengdehopp med tilsprang og 60 m for dei opp til og med 10 år, og dei som var eldre sprang 400m. Ei fin avslutning med premieutdeling, kake og saft vart servert.

* Klubbmesterskap 2 .påskedag

Dugnadsarbeid for å skaffe klubben inntekter:

- Skibyttedag november 2015
- Vi må årleg forhandle med Vik Ørsta og fekk avtale på plass i 2015
- Påskedans på Ørsta Kulturhus.

Sosiale arrangement:

* Fest for dei vokse vart gjennomført på Gamle Øl sine lokaler i Ørsta. Dette var same kveld som vi hadde skibytedagen. Dette var eit flott arrangement der også Volda og Åmdal var invitert til festen. Vi hadde pizza og drikke. Åmdal hadde lagga ein quiz, slik der vart litt underhaldning. Vi hadde det veldig koselig denne kvelden, og alle var enige om at dette konseptet var noko vi burde gjennomføre årleg.

* Familiefest med utdeling av premier frå klubbmesterskap gjennomført på Tussatun 30.april.

Økonomi:

I klubben er det høg aktivitet av renn og samlingar. Ved høg aktivitet er det behov for å ha ein grei økonomi. Klubben har gått inn for 3-årige avtalar med sponsorane, der hovudsponsor er Sparbank1 Søre Sunnmøre, og 5 andre sponsorar som er Mare Safety, Island Offshore, Ulstein Group, Tussa og Vik Ørsta. 2017 er siste året i gjeldande sponsorperiode. Klubben vil difor i 2016 starte arbeidet med å førebu seg til arbeidet med å fornye sponsoravtalane for den neste 3-årsperioda. Men det meste av arbeidet vil bli gjennomført i 2017.

Med dei utfordringane som næringslivet har no er klubben førebudd på at sponsormarkedet har hardna til. Nye sponsoravtaleer medfører også nye klubbjakker. Dette arbeidet vil ein starte seint i 2016, men bestillingar vil foregå i februar 2017. Nye jakker skal vere på plass til 1.januar 2018.

Ved å gjennomføre Skibyttedag og ha gode sponsoravtalar har vi klart å få nok inntekter til å gjennomføre ønska aktivitet. Jentebølgen vart for siste gong

gjennomført i 2014. Erfaringane med arrangementet var at det tok mykje tid og er veldig usikkert. Dette gjer det ubehagelig for dei som sit i arrangementkomiteen. Sjølve dagen har ikkje vore noko problem, der stiller mange opp og vi har gjennomført med stil. Men 2 påfølgjande år med svært dårleg vær har også påverka løpet, og lagt ein dempar på erfaringane med å arrangere. Klubben har difor vedteke å ikkje arrangere dette løpet dei siste åra, men heller gå for andre måtar å skaffe inntekter på, som f.eks ved å arrangere dans.

Medlemsinformasjon:

www.orstail.no

Ny nettside er på plass som skal nyttast for informasjon om gruppene i idrettslaget. Gruppa har også eiga FB side som heiter ØIL Alpin Arrangement. Denne sida er offisiell, og vil bli nytta når klubben skal arrangere større arrangement som dansar, skibytedag, renn osv.

Samarbeid i foreldregruppa:

Foreldregruppa i lag med løparane utgjer klubben. Arbeidsoppgåvene til foreldregruppa er å delta aktivt med ulike arbeidsoppgåver som må gjerast for å få drifta av klubben til å fungere. Ved å vere medlem av Ørsta IL Alpin må foreldre på ulike nivå ta del i dugnadsarbeid både inntekssbringande arbeid og på treningar, samlingar og renn.

Takk til alle som har gjort ein flott jobb!

Samarbeid med Ørsta Skisenter:

Det har vore ein god dialog med skisenteret i år. Kontaktperson fra Alpingruppa har stort sett vore Einar Åmbakk.

Ørsta IL Alpin har også rydda skog i traseane.

Samarbeid med Hornindal Skisenter:

Det er det siste året blitt oppretta eit tettare samarbeide mot Hornindal Skisenter. Hornindal har gode snøforhold, og ein bakke med mykje terreng som eignar seg godt til storslalom. Når forholda ligg til rette for det blir det no gjennomført storslalom treing i Hornindal på tysdagar. Alpingruppa har god dialog mot skisenteret. Kontaktperson fra Alpingruppa har stort sett vore Egil Åmbakk.

Samarbeid med ulike sponsorar:

Våre sponsorar er viktige støttespelarar for Alpingruppa. I 2014 vart 3-årig avtale mot Tussa, Island Offshore, Sparebank1 SS og Mare Safety fornya, og det vart inngått ein 3-årig avtale med Ulstein Group. Våren 2016 vart avtale mot Vik Ørsta fornya, denne avtalen er foreløpig 1 -årig.

Pressekontakt:

Mediedekninga har stort sett vore gjennomført av Bente Åmbakk og Reidunn Tvergro Øye (presseansvarleg) med resultat og bilde fra renn. Marita Borgen har teke ansvar for annonser.

Utfordringar framover:

- * sikre klubben ein grei økonomi ved å lage ein framdriftsplan med ulike aktivitetar for å skape inntekter.
- * Sikre eit godt sportsleg tilbod for medlemmane
- * jobbe med ansvarsfordelinga i gruppa slik at "ildsjelene" ikkje brenn seg ut
- * opprettholde det gode miljøet som er i klubben
- * inkludere nye medlemmar frå Åmdal og Volda ved å ta i mot dei på ein best mogeleg måte
- * sikre rekruttering til alpinsporten

Ørsta, 10.05.16

For styret

Bente Åmbakk

- leiar -